



BYGLANDSNYTT

Med hjarta i Bygland



SISTE NYTT FRÅ BYGLAND KOMMUNE

SER FRAM TIL OMSTILLING OG VÅRGLEDE

Av Marion Solheim

>>> LES MEIR - S. 7

Ordfører Runar Flåt Granheim er klar for endring. Klar for våren – og ikkje minst klar for omstillingsprosjektet i kommunen. -Det er rett og slett ein gåvepakke å vere ordfører og gå inn i ein slikt prosjekt, seier han.

LES MEIR - S. 8 <<<

Å få jobbtittelen Moglegheitsutviklar fører med seg visse forventingar. Gyro Heia ser lyst på det. Bygland er nemleg full av moglegheiter, og Gyro gler seg til å oppdage, gjenoppdage, finslipe og vise fram det kommunen har å by på.

HO SKAL FINNE MOGLEGHEITANE RUNDT OSS

Av Marion Solheim



ORDFØRAREN SI SIDE

HELING FRÅ ORDFØRAREN

Den aller fyrste dagen i april gav oss ein solid smak av vår, med blå himmel og ei sol som rett og slett varma. Det var ein fin måte å avslutte påska på.

Som alltid i feriar og høgtider er vi opptekne av at beredskapen fungerer dersom noko skulle skje. Difor vil eg takke alle dei som tek på seg vaktansvar i slike periodar. Til dømes dei i Setesdal Brannvesen som gjeng med vakttelefonen på seg døgnet rundt og som kan rykke ut på nokre få minuttts varsel. Det er ofte nettopp brannvesenet som er dei fyrste på staden etter ei ulukke eller anna hending. At vi har eit fungerande brannvesen er slett ikkje ein sjølvfølge. Det må prioriterast.



ORDFØRAREN I BYGLAND,
RUNAR FLÅT GRANHEIM

Like etter påske hadde eg besøk av 7.klasse. Kvar tysdag er 7.klasse på Byglandsfjord og Bygland saman på Bygland skule. Det er eit flott tiltak, der dei blir kjende med både skulemiljø og kvarandre før dei skal gå saman på ungdomskulen. Det var eit godt møte der eg fekk bli litt kjent med dei, og dei med meg. Dei er mellom anna opptekne av møteplassar både på Bygland og på Byglandsfjord, og av betre transportmoglegheiter mellom anna. Der må vi finne nokre gode løysingar! Dei er i ei brytningstid. Dei nærmar seg slutten av barneskulen og er sikkert spente på korleis ungdomskulelivet blir.

Det er også mange 10.klassingar som er spente no. Dei har søkt seg inn på vidaregåande skular og mange skal flytte heimafrå etter sommaren. Dei på siste året på vidaregåande skal gjerne flytte enda lenger bort. Ei spanande tid. Det eg lurar på er kor mange som kjem heim att etter endt utdanning. Difor er det så viktig å prate med dei unge, og finne ut kva som gjer oss attraktive, kva som gjer det godt å vere ung i Bygland, og så må vi gjere meir av nettopp slike ting.

Elles er det gledeleg at Gyro Heia har takka ja til å bli Byglands moglegheitsutviklar. Omstillingskommunen og prosjektet som skal gå over 6 år gjev oss unike moglegheiter til å jobbe målretta for å bli meir berekraftige og attraktive, både for næringslivet og for lokalsamfunna våre.

Igjen vil eg seie at vi kan få til det meste her i Bygland når vi samarbeider!

Mvh Runar Granheim



Ordføraren kjem til **Seniortreffet på Pakkbua** på Byglandsfjord, måndag **8. april kl. 12.00**.

Her svarer han på spørsmål og inviterer til ein prat over ein kopp kaffi.





OPNINGSTIDER BYGLAND KOMMUNE

BYGLAND KOMMUNEHUS



Sentralbord/Publikumsmottaket: tlf. 37 93 47 00 mån-fre kl. 10.00-14.00

NAV: tlf. 55 55 33 33 - mån-fre kl. 08.00-15.00

NAV Bygland: drop-in på torsdagane kl. 12.00-14.00

EVJE OG BYGLAND LEGESENTER



Sentrale: tlf. 37 40 79 00 - **Legevakt tlf. 116 117**

telefontider måndag – fredag kl. 08.30 – 11.30 og kl. 13.00 – 15.00

- BYGLAND LEGEKONTOR, SENTRUM 18, 4745 BYGLAND
tysdag, onsdag, torsdag kl. 08.00 - 15.00
- EVJE LEGEKONTOR, LJOSHEIMVEGEN 5, 4735 EVJE
mandag - fredag kl. 08.00 - 15.00

BYGLAND TANNLEGEKLINIKK



Sentrale (via Evje tannklinikk): tlf. 37 93 01 95

Sentrum 18, 4745 Bygland, 2. etg. på kommunehuset

FOLKEBIBLIOTEK I BYGLAND



Bibliotekar: tlf. 945 22 025

- BIBLIOTEK PÅ BYGLAND, SENTRUM 25, 4745 BYGLAND
STENGT FRAM TIL 31. MAI GRUNNA FLYTTING TIL NY BYGG.
- BIBLIOTEK PÅ BYGLANDSFJORD, STASJONSOMRÅDE, 4741
BYGLANDSFJORD
MIDLERTIDIG NYE OPNINGSTIDER! VIKAR.

	BYGLAND	BYGLANDSFJORD
MÅNDAG	STENGT	17.00 - 19.00
ONSDAG	STENGT	17.00 - 19.00 (veke 16: onsdag 17.04. stengt; men ope torsdag 18.04.)



LEDIGE STILLINGAR I BYGLAND KOMMUNE

OPPVEKST



- Kommunalsjef oppvekst - Søknadsfrist: 10.04.2024
- Rektorar i Byglandskulen - Fast - Søknadsfrist: 14.04.2024
- Undervisningsstillingar - Vikariat/Fast - Søknadsfrist: 14.04.2024
- Fagarbeidar og Barnehagelærer - Fast - Søknadsfrist: 14.04.2024

SOMMARJOBB



- Sommarjobber for skuleungdom i bygg og eigedom, reinhald mv. - Søknadsfrist: 31.05.2024

**For stillingsannonsene se Bygland kommune si heimeside
bygland.kommune.no**

HØYRINGAR OG KUNNGJERINGAR

OFFENTLEG ETTERSYN



Detaljregulering for Hamren, Bygland

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-10 vedtok plan, miljø- og ressursutvalet i sak 29/24 den 27.02.2024 å legge forslag til detaljreguleringsplan for Hamren med planID 202101 og tilhørende dokument ut på høyring og offentleg ettersyn i seks – 6 veker.

Føremålet med planen er å tilrettelegge til bustadbygging. Detaljreguleringsplanforslaget er lagt ut til offentleg ettersyn i 1. etg på kommunehuset. I tillegg finn du alle relevante dokument lenger nede på sida.

Merknader til reguleringsplanforslaget sendast skriftleg innan 26. april 2024 til:
Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland
eller pr. e-post: post@bygland.kommune.no, og merk med sak nr. 2021/313.

Dokument til saka kan ein finne på Bygland kommune si heimeside.





»» HØYRINGAR OG KUNNGJERINGAR

HØYRINGAR



Høyring av planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel og planstrategi

Kommunestyret vedtok 14. mars 2024, sak 21/24, å varsle oppstart av planarbeid og legge planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel og planstrategi for Bygland kommune ut til høyring og offentleg ettersyn.

Kommunestyret skal minst ein gong i kvar valperiode, og seinast innan eit år etter konstituering, utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi. Utarbeiding og behandling av kommunal planstrategi kan bli slått saman med og vere ein del av arbeidet med kommuneplanen.

Kommunestyret vedtok 9. november 2023 å utnytte moglegheitsrommet for forenkling av planstrategien og planprogram for samfunnsdelen, og å utarbeide dokumentet Kommuneplanprogram 2024-2028 (sjå raud markering i figuern under) som inneheld viktige nasjonale og regionale føringar, kommunen sin situasjon og utviklingstrekk og prosess for revidering av samfunnsdelen.

Dokumentet Kommuneplangrunnlag 2024-2028 møter krava i plan- og bygningslova med omsyn til planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel og kommunal planstrategi. Innhaldet i dokumentet seier noko om retninga for ny samfunnsdel, kva for hovudføringar som gjeld for planarbeidet, viktige utviklingstrekk i samfunnet vårt og planprosessen. Dokumentet inneheld også ei oversikt over vedtekne og gjeldande strategiar og temaplanar. Vurdering av øvrige planbehov blir gjort etter at kommuneplanen sin samfunnsdel er vedtatt. Det er ei målsetting å ha ei årleg rullering av prioriterte planbehov i samband med rullering av økonomi- og handlingsplanen. Det gir moglegheit for å vurdere prioriteringar i lys av tilgjengelege ressursar og kapasitet og ta høgde for endra rammeføresetnader.

Høyringsfrist

Eventuelle merknader eller innspel til kommuneplanprogrammet kan bli sendt til **post@bygland.kommune.no** eller til **Bygland kommune, Sentrum18, 4745 Bygland**. Frist for å sende inn merknader er 3. mai 2024.

Dokument til saka kan ein finne på Bygland kommune si heimside.





>>> HØYRINGAR OG KUNNGJERINGAR



Høring av lokal forskrift

Setesdal brannvesen IKS ved styret har vedteke felles utkast til lokal forskrift om gebyr for gjennomføring av feiing og tilsyn med fyringsanlegg. Det er ønskjeleg at alle eigarkommunane har felles lokal føresegn for å sikre tenesta.

Formannskapet har den 29.02.2024, sak nr 22/24, vedteke å leggje forslag til lokal forskrift om feie – og tilsynsavgift for Bygland kommune ut på offentleg ettersyn.

Merknader sendast skriftleg innan 15.04.2024.

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland eller på e-post til:
post@bygland.kommune.no

Dokument til saka kan ein finne på Bygland kommune si heimside.

POLITISKE MØTE - APRIL 2024

- Kommunestyre: 14.04. kl. 09.00
- Formannskap/Administrasjonsutvalet: 25.04.
- Plan, miljø- og ressursutvalet: 23.04.
- Levekårsutvalet: 25.04.
- Rådet for eldre og funksjonshemma: 22.04.
- Ungdomsrådet: 22.04.



>>> RÅD FOR ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA

I forbindelse med at me nå er inne i ein ny 4 år's periode med nye politikere så skal den 4 årlige planstrategien for perioden revideres (sjå s. 5)

Rådet for eldre og funksjonshemma vil derfor oppfordre eldre og personer med funksjonsnedsettelse til å komme med innspel om saker som kan gi ein betre kvardag, for så og legge dei fram for kommunen.

Forslag og idear kan sendes til:

- Leiar: Per Odd Berge, tlf. 95868260, e-post: pebe2@online.no
- Nestleiar: Anne Marie Ingebretsen Bygland, tlf. 95704555, e-post: Anne.Ingebretsen@bygland.kommune.no
- Medlem: Vidar Toreid, tlf. 37935280, e-post: vidar@toreid.no
- Medlem: Torhild Larsson, tlf. 97583467, e-post: Torh-la@online.no
- Politisk representant: May Britt Stenjor, tlf. 48994455, e-post: May.Britt.Stenjor@politikker.bygland.kommune.no





INTERVJU MED ORDFØRAREN

SER FRAM TIL OMSTILLING OG VÅRGLEDE

Tekst og foto Marion Solheim

Ordførar Runar Flåt Granheim er klar for endring. Klar for våren – og ikkje minst klar for omstillingsprosjektet i kommunen. -Det er rett og slett ein gåvepakke å vere ordførar og gå inn i ein slikt prosjekt, seier han.



**ORDFØRAREN GLEDAR SEG TIL
VEGEN VIDARE I BYGLAND.
FOTO: PRIVAT**

-Eg ser meir og meir dei heilt unike moglegheitane vi har no.

Vi har hatt ulike prosjekt før, men no har vi verkeleg eit langsiktig prosjekt med solid støtte over statsbudsjettet. Med store støttespelarar i form av Innovasjon Norge og fylkeskommunen - og det er velprøvd, med mykje erfaringsgrunnlag. Samstundes får vi vere unike og vi får fokusere på samfunnsutviklinga i Bygland. Det er moro! Og veldig spennande. Det er jo ein slags thriller no i innkøyringsfasen. Får vi med oss byglendingane? Det håpar eg verkeleg.

Ordføraren er veldig glad for å ha fått Gyro Heia som den nye moglegheitsutviklaren i Bygland.

-Altså, skuldrane senka seg når Gyro sa ja, humrar han.

-Ho kjenner jo oss, ho veit kven vi er. Det er jo slik at hadde det troppa opp nokon i skjorte, blazer og bakoversveis som snakka

«konsulent» så hadde det ikkje vore like lett. Men Gyro kjenner vi jo. Vi er ferdige med den første mila allereie, berre fordi ho er med laget. Men det er sjølvsagt ikkje ho som skal gjere jobben aleine, det skal vi alle. Byglendingane, næringslivet, kommunen, dei unge, dei eldre, dei i nord og dei i sør. Det er vi i Bygland som eig prosjektet, og eg håpar folk her engasjerer seg.

Omstillingsprosjektet skal gå i mange år framover. Mykje godt arbeid skal leggest ned, og mange krefter skal dra saman.

-Eg håpar at Bygland kommune skal stå meir samla i enden av prosjektet, seier Runar.

-At vi veit kven vi er. At vi heiar på kvarandre og også tåler konstruktiv kritikk. Eg håpar at innbyggjarane i Bygland på slutten av dette prosjektet er trygge på at dei bur i ein god, bærekraftig kommune. Så ja, eg ser veldig fram til det som skal skje i Bygland framover!



**DET ER BERRE Å TA SATS I
BYGLAND FRAMOVER!**



MØT VÅR NYE MOGLEGHEITSUTVIKLAR: GYRO HEIA

HO SKAL FINNE MOGLEGHEITANE RUNDT OSS

Tekst og foto: Marion Solheim

Å få jobbtittelen Moglegheitsutviklar fører med seg visse forventingar. Gyro Heia ser lyst på det. Bygland er nemleg full av moglegheiter, og Gyro gler seg til å oppdage, gjenoppdage, finslipe og vise fram det kommunen har å by på.

-Eg gledar meg til å få tak i ressurspersonane som har lyst å vere med å bidra, som har lyst å fortelle kva dei har på hjartet, seier Gyro Heia entusiastisk.



**GYRO HEIA SKAL FINNE
MOGLEGHEITANE I BYGLAND**

Ho er energisk, smilande og definitivt ei som får ting gjort. Gyro har allereie ei imponerende merittliste, og til sommaren ventar nye utfordringar. Bygland skal på kartet for alvor. Som fersk omstillingskommune kjem det støtte frå staten i seks år framover, for å skape nye og sikre eksisterande arbeidsplassar – noko som også betyr fleire innbyggjarar og endå meir skaparkraft og driv i kommunen. Det er slik stillinga som moglegheitsutviklar dukka opp i Bygland.

Den viktigaste jobben til moglegheitsutviklaren er å få folk med på det omfattande prosjektet dette er og å få ting til å skje, fortel kommunedirektør i Bygland, John Salve Sigridnes.

-Gyro kan sjølv sagt ikkje gjere dette aleine, men ho skal halde i trådane, ha oversikt over moglegheitane og hjelpe styret med å peike ut retninga for vekst og utvikling i Bygland, seier han.

»»» NY GIV I BYGLAND

Gyro ser fram til å ta fatt på oppgåva. Arbeidsplassar er eit viktig nøkkelford for jobben som ventar. Både dei som er her, og dei som kan komme.

-Eg ser at det absolutt er moglegheiter innanfor næringslivet her, seier Gyro.

-Også i det eksisterande næringslivet. Ta til dømes Ose Water og Bygland bryggeri, eller dei mange lokale matskattane her i området. Vi skal heilt klart halde fram med å bygge opp dei største bedriftene som er her i dag, og ikkje gløyme at dei er avgjerande med tanke på tilgjengelege arbeidsplassar som er skapt og framleis skapast. Døme her er Byglandsfjord Sag, Tine meierier og Containertec. Dette kan vi jobbe vidare med, vi må berre snakke saman og finne ut retninga i lag.

GYRO HEIA: HO SKAL FINNE MOGLEGHEITANE RUNDT OSS »»»



➤➤➤ GYRO HEIA: HO SKAL FINNE MOGLEGHEITANE RUNDT OSS

Allereie er det så mykje her som kan vere med å sette Bygland -og resten av Sørlandet- på kartet. Så det med å finne dei folka som vil bygge vidare på det vi har, og også dei som vil satse på noko nytt her – det har eg veldig trua på. Eg brenn for stadutvikling, rett og slett. Og så er det jo fantastisk natur her, det må seiast. Eg har alltid sagt at denne landsdelen er eit Toscana. Kvifor ikkje bruke det?

Toscana er kjent for landskapet, tradisjonane, historia og kulturarven. Og det skortar ikkje på den slags i Bygland heller.

-Det er mange skattar i Bygland. Spørsmålet er: Kan vi revitalisere dei? Vi har alle dei flotte, gamle bygningane, vi har kulturarven som ligg i Setesdal. Vi har Bjoren og bleka, berre for å ta eit par døme. Det er mykje å ta av, sler Gyro fast.

John Salve er glad for å ha fått ho med på laget.

-Gyro har ein sterk positiv energi som smittar over på andre menneske, seier han.

-Ho har høg arbeidskapasitet og går inn i det ho gjer med både hjarte og hovud. Gyro kan sette seg raskt inn i komplekse problem, finne retninga og ho har ein trygg og tydeleg kommunikasjon. I tillegg kjenner Gyro både kommunen og regionen godt gjennom rollene sine, både i arbeidslivet og politisk. Vi er trygge på valet og ser verkeleg fram til å få ho med på laget, avsluttar ein nøgd kommunedirektør.



DEN VIKTIGASTE JOBBEN TIL MOGLEGHEITSUTVIKLAREN ER Å FÅ FOLK MED PÅ DET OMFATTANDE PROSJEKTET DETTE ER OG Å FÅ TING TIL Å SKJE.

*JOHN SALVE SIGRIDNES,
KOMMUNEDIREKTØR I BYGLAND*

LES HEILE ARTIKKELEN PÅ BYGLAND KOMMUNE SI HEIMESIDE

REDAKSJONSNOTAT BYGLANDSNYTT NR. 56

REDAKSJON

- Redaktør: Susanne Hegenscheidt
- Ansvarleg redaktør: John Salve Sigrindnes

BILETE

- Framside: Utsikt frå Kvålsnapen. Per Eivind Weckhorst
- Innhald (m.m. anna er spesifisert): Bygland kommune, pixabay.com
- Redaksjonsnotat: Johannes Hansen
- Kva skjer: Bygland. Rune Larsson



Byglandsnytt mai 2024: 3.mai 2024, skrivefrist 29.04.

Send tips til post@bygland.kommune.no - merknad: Byglandsnytt

Arkiv: bygland.kommune.no/byglandsnytt

NYTT FRÅ EININGANE

DRIFT OG FORVALTNING



Akselrestriksjonar

Frå og med tysdag 12.03.2024 kl. 08.00 blir det med heime i Veglova §7 innført aksellastrestriksjonar på alle kommunale vegar på grunn av teleløysing.

Tillatt akseltrykk i denne perioden er 6 tonn.

Veg til Vassendøya, Nesmoen industriområde, veg til Varmesentralen på Bygland og veg frå RV9 til Stasjonsområde til Senumsvegen på Byglandsfjord er unnateke ordninga.

Generell dispensasjon gjeld for:

- Rutegåande persontransport.
- Mjølketankbil.
- Slaktebil og bil for nødslakt.
- Renovasjonsbil.
- Bergingsbil.
- Septiktankbil.



Opplysningar elles er å finne i veglista frå Statens vegvesen.

Det vil bli sett opp skilt.

Restriksjonane gjeld til dei vert oppheva v / melding på Bygland kommune si heimeside og facebookside.

Har du spørsmål om dispensasjonar, kan du kontakte Drift og forvaltning, tlf 948 26 003, evt. teknisk vakt på tlf. 970 04 745.



Manglar du returplastsekkar eller bioposar?

Held du på å gå tom for returplastsekkar eller bioposar? Då er det enkelt å få nye



- Om du treng bioposar til matavfall, kan du binde ein tom biopose på matavfallsdunken.
- Om du treng sekkar til returplast, kan du binde ein tom berepose på papirdunken.

Då vil renovatøren dele ut det du treng. Ikkje ta av bioposen eller bereposen før du har fått det du manglar. Renovatøren kan ha gått tom for posane på bilen, og du vil då få utlevert posane neste gong renovasjonsbilen kjem.

Om du har gått heilt tom, kan du anten kome innom på kommunehuset og hente posar, eller du kan innom gjenvinningsstasjonen for å hente.

Oversikt over gjenvinningsstasjonane finn du på heimesida til Setesdal Miljø og Gjenvinning, smg-iks.no

NYTT FRÅ EININGANE >>> DRIFT OG FORVALTNING




Energisjekk i Bygland kommune - finn ut kor mykje du kan spare **Kvifor oppmodar Bygland kommune alle innbyggjarane til å gå gjennom energiforbruket i heimen? Korleis kan Energiportalen bidra til å gi innsikt i energibruken, spesielt med tanke på oppvarming, varmtvatn og ljøs?**

Bygland kommune set no fokus på energieffektivitet og oppmodar alle innbyggjarar til å ta ein grundig gjennomgang av energiforbruket i heimane sine. Gjennom bruk av Energiportalen får ein ikkje bare ei oversikt over det noverande energiforbruket i bustaden, spesifisert for oppvarming, varmtvatn og ljøsforbruk, men ein for og dei verktøya ein treng for å identifisere område der energisparing er mogleg.

Sidan oppvarming og varmtvatn utgjør den største delen av energiforbruket i heimen, er det her det er mest å hente når det kjem til å spare energi. Energiportalen tilbyr ei enkel løysing for å få oversikt over energibruket i bustaden din, og gir konkrete tips til

KORLEIS BRUKE ENERGIPORTALEN?

- Søk opp bustadadressa di: Få ei førebels oversikt over energibruken i bustaden din, estimert i kilowattimar (kWh), samt ei oversikt over kostnadane og CO₂-utsleppet.
- Legg inn eigne opplysningar: Suppler med eigne data for å få eit meir presist resultat. Legg inn informasjon om eventuelle oppgraderingar, som etterisolering, nye vindauge eller installasjon av varmepumpe. Analysen blir betre om du legg inn nøyaktig informasjon.
- Velg ønska tiltak: Sjå korleis ulike energitiltak vil påverke bustaden din. Få ei rask oversikt over kor mykje du kan spare ved å installere til dømes ei varmepumpe, eit varmestyringssystem, bytte vindauge eller etterisolere.



Heile poenget med Energiportalen er å gjere deg meir medviten på korleis du bruker energi i heimen din. Dette gir deg eit godt grunnlag for å vurdere kva tiltak som gir mest effekt i bustaden din, samstundes som du får informasjon om lokale og nasjonale støtteordningar, samt oversikt over autoriserte produktleverandørar og meistarverksemdar i nærleiken.

Når du vurderer energitiltak, kan du og sjå kostnadane i høve til nytten. Energiportalen gir deg ein peikepinn på kor mykje du kan spare i energikostnadar per år, slik at du kan samanlikne dette med investeringskostnadane. Med stadig aukande straumprisar blir summen du sparer viktigare, og investeringa kan betale seg raskare enn du trur.

Ved å ta i bruk Energiportalen, får du ikkje bare ein meir berekraftig bustad, men og ein meir økonomisk gunstig kvardag.

Gjere energisjekken i dag og sjå kor mykje du kan spare!



NYTT FRÅ EINGANE >>> DRIFT OG FORVALTNING




Informasjon om familiebandinga

Familiebandinga vil vere open

tysdagar og fredagar kl 17.00 – 20.00 ut april, altså t.o.m. 30.04.2024.

Vi vurderer å utvide opningstidene frå hausten av, frå kl 16.00 – 20.00.

Fredag den 19.04.2024 vil symjehallen vere stengd for familiebadning. Årsaka er fråver av badevakt og vikar for denne.



>>> ØKONOMI OG ADMINISTRASJON



Kva gjer du om eigedomsinformasjonen i skattemeldinga er feil?

Eigedomsinformasjonen i skattemeldinga er henta frå fleire etatar, og det kan difor vere vanskeleg å vite kva instans du skal kontakte dersom du oppdagar feil

Kartverket har lagt ut mykje informasjon om dette på sine nettsider.

Du finn informasjon om:

- Kva informasjon du kan få frå Kartverket.
- Ulike feil på skattemeldinga:
 - Dødsbu i skattemeldinga
 - Ukjent eigedom i skattemeldinga
 - Eigedom manglar på skattemeldinga
 - Eigedom manglar på skattemeldinga
- Sekundærbustad - kva er det?
- Formuesverdi av bustad og eigedom - Inngongsverdi
- Feil bygningstype - Feil areal på eigedom eller bustad
- Feil adresse i borettslagsandelar - Eigedom i utlandet
- Korleis dokumentere eigarskap av eigedom?



>>> kartverket.no/eiendom/praktisk-tinglysing/skattemelding

>>> KULTUR



Honorarfond til folkemusikk - ei tilskotsordning for alle lag, foreiningar, bedrifter og private

Føremålet med honorarfondet er å gjere folkemusikken i

Setesdal kjent og høyrte, og å stimulere til aktivitet blant folkemusikk-utøvarar. Fondet kan dekke delar av honoraret når ein arrangør

bruker folkemusikarar med lokal tilknytning til arrangement i Bykle, Valle, Bygland, Åseral, Evje og Hornnes kommunar. Ved bruk av unge utøvarar, kan fondet dekke heile honoraret. Det er Valle Sparebank og kommunane i Setesdal som finansierer fondet. Setesdal Spelemannslag administrerer det.

Meir om honorarfondet: Sjå heimesida vår >>> **Honorarfond til folkemusikk**





BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND



Postadresse: Bygland frivilligsentral, Sentrum 18, 4745 Bygland,

e-post: post@bygland.frivilligsentral.no

Nettside: bygland.frivilligsentral.no

Besøksadresse: Presteneset 2, 4745 Bygland

Ansvarleg for frivilligsentralen og BUA:

Guro Kvaale Skibsrud og Anne Fauske, tlf. 94 51 07 70

BUA Bygland (utstyrsentralen), tlf. 94 50 28 58



Opne aktivitetar

- BUA Bygland (tidlegare Utstyrssentralen), bua.io, tlf. 94 50 28 58
- Utkøyring av middag to gonger i veka

Aktivitetar på Frivilligsentralen på Bygland

- Måndagskafé: måndagar i oddetallsveker, kl. 12.00 – 14.00 (08. + 22.04.)
- Bygdemiddag: tysdagar i oddetallsveker, kl. 16.00 – 18.00 (09. + 23.04.)
- Bingo: tysdagar i partallsveker, kl. 18.00 – 20.00 (16. + 30.04.)
- BTW - Bygland Teater Workshop for unge: torsdagar kl. 15.00 - 17.00
- Strikkekafé: 1.+3. torsdag/månad kl. 18.00 – 20.00 (04. + 18.04.)

Aktivitetar i Byglandshallen

- Styrketrening: kvar torsdag kl. 13.00 – 14.30 – Byglandshallen
- Teppebowls: torsdagar i partallsveker kl. 16.30 – 18.30, Byglandshallen; 04. og 18.04.

Aktivitetar på Pakkbua på Byglandsfjord

- Seniorsenter: måndagar i oddetallsveker, kl. 11.00 – 14.00 – Pakkbua på stasjonsområdet, Byglandsfjord (08. og 22.04.)



Ordføraren sin time

**SENIOR-
TREFF**

PÅ PAKKBUA PÅ
BYGLANDSFJORD
MÅNDAG 8/4. KL.
12.00

◀◀◀ **Ordføraren sin time**
Seniortreff, Pakkbua, måndag
08.04, kl. 12.00

Sigurd Haugsgjerd ▶▶▶
“Folkehumer i Setesdal i snart 50
år”. Måndagskafé på
frivilligsentralen på Bygland,
måndag 22.04, kl. 12.00

**BYGLAND
FRIVILLIG
SENTRAL**

Sigurd Haugsgjerd
**«FOLKEHUMOR I SETESDAL
I SNART 50 ÅR»**
PÅ FRIVILLIGSENTRALEN
22/4 KL. 12.00
SAL AV KAFFE OG
VAFLAR

**BUSSTUR TIL SKJERKADAMMEN**

Er du senior i Bygland kommune, og har lyst å med på tur med Frivilligsentralen sitt seniorsenter.

Då kan du bli med her. Det fleire me vert, det billegare vert det.

Maks plassar: 30.

Påmeldingsfrist: 22 April.



Busstur

BYGLAND FRIVILLIG SENTRAL

GUIDA BESØK PÅ SKJERKADAMMEN
LASAGNE M/TILBEHØR PÅ EIKERAPEN HOTELL

600KR
v/min.
20 stk.



6 MAI KL 10.00
OPEN FOR ALLE SENIORAR I BYGLAND
KOMMUNE
PÅMELDING:
WWW.BYGLAND.FRILLIGSENTRAL.NO/NYHENDE
SMS: 48263262

Betal på Vipps
#520504
Seniorsenter
merk namn

BYGLAND UNGDOMSKLUBB

Klubbleiar: Kim Andre Nomeland Thorstensen, tlf. 984 69 989

- mån: 18.30 - 20.00, 5. - 7. kl. (Byglandshallen)
- mån: 20.00 - 22.00, 6. - 10. kl. (Byglandshallen)
- ons: 19.00 - 22.00, 8. kl.-VGS (Byglandshallen)

1x/månaden: Fredagsklubb i Årdalshallen

fredagar: kl. 18.00 - 21.00, 5. - 7. klasse (neste: 12.04.)





BYGLAND OG ÅRDAL SOKN

Bygland Kyrkjelege Fellesråd
Sentrum 18, 4745 Bygland
bygland.kyrkelyd.no og på Facebook

Kontakt

- Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472
- Kyrkjeverje: Olav Nilsen: 982 99 711
- Prostidiakon: Åse Gudrun Thortveit: 91685159



GUDSTENESTER

sundag, 28.04. kl. 11.00

**Samtalegudsteneste,
Årdal kyrkje, Grendi**

- Prest: Kjell Steinbru
- Organist: Knut Olav Uppstad
- Offer til: Normisjon



ANDAKTER PÅ BYGLANDSHEIMEN

tysdag, 16. og 30.04 kl. 14.00

Andakten er open for alle. Velkomen!



KONFIRMANTUNDERVISNING

tysdag, 16. og 23.04 kl. 14.30

Vonheim bedehus, Bygland

SOKNERÅD

måndag, 08.04. kl. 19.30

**Opent soknerådsmøte,
Kommunestyresalen, Bygland kommunehus**

SAKER TIL HANDSAMING:

- Sak 15/24 Status og vidare framdrift Austad kyrkje Tveit
- Sak 11/24 Strategi for auka gudstenesteoppslutning
- Sak 12/24 Bruksendring bibliotek og bankbygg - høyring
- Sak 13/24 Årsfest
- Sak 14/24 Orienteringssaker





»»» TØMEKALENDER FOR BYGLAND KOMMUNE

SØPPELTOMING - APRIL 2024

- **Matavfall og restavfall:** veke 14: torsdag 04.04.
- **Papir og plast:** veke 16: tysdag 16.04.
- **Matavfall og glass/metall:** veke 16: torsdag 18.04.



GJENVINNINGSTASJONER

- **Nesmoen, Bygland:** kvar 2. onsdag i måneden kl. 14.00 – 18.00 (10.04.) og 4. laurdag i måneden kl. 10.00-13.00 (27.04.)
- **Syrtveit, Evje:** Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00- 14.30, torsdag kl. 08.00-19.00 og 2. laurdag i måneden kl. 10.00- 13.00 (13.04.)

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS. e-post: post@smg-iks.no heimeside: www.smg-iks.no, tlf.: 37 93 17 00

KINO PÅ BYGLAND

»»» **BYGLAND FILMKLUBB**
sundag 28.04. kl. 19.00 -
Bygland kulturscene

FORD FAIRLANE (1990)

Aldersgrense 15 år
Komedie: "Mr. Rock 'n Roll Detective"



Bygdekinoen



17:30

De Raske & De Rå
6 år • 110 Kr
Animasjon, Barnefilm
1t 33m



19:30

Ghostbusters: Frozen Empire
12 år • 130 Kr
Komedie, Eventyr
1t 54m

Onsdag 17.04
Bygland Kulturscene



YMSE

STOGA KULTURKAFÉ OG BYGLAND TURISTKONTOR

STOGA kulturkafé og BYGLAND TURISTKONTOR

Presteneset 10, 4745 Bygland, tlf. 907 81 105;

på FB: facebook.com/StogaAS

- fredagar kl. 13.00 – 19.00 og sundagar kl. 11.00 – 19.00


På turistkontoret får du

- kart over Bygland og turar, info om bomvegar
- fiske og fiskekort i Bygland
- kaffi, vaflar, toast, is, avisar og Setesdal-bøker

Arrangement i april:

20.04. kl. 18.00 **Gabriel Scott Selskabet**: Ein kveld med Gabriel Scott.

26.04. kl. 19.00 **Verdens ulykkeligste menneske**. Et møte med gamle dagbøker. Med Bjørg Øygarden og Mette Karlsen; Arendals Dramatiske Selskab)



BJOREN BRYGGE

Bjoren Brygge

Presteneset, 4745 Bygland, tlf. 932 62 168;

på FB: facebook.com/bjorenbrygge



BJOREN BRYGGE
i April

FRE 5. OPEN PUB 19-01
LØR 6. OPEN PUB 19-01
FRE 12. MUSIKK BINGO 19-01
FRE 26. PRIV. ARR.
LØR 27. PRIV ARR.

HUSK; middag kvar **TORS DAG!**
Ved bestilling
Sms 93262168
9na

BJOREN BRYGGE
Meny
1 April

4. Lapskaus
11. Komper
25. kyllingsuppe
-Fint om du tingar på
førehand!
93262168 Nina



YMSE

MUSIKK OG LITERATUR

Kong Hanes Eftf.**KONSERT: WE WILL ROCK YOU**

- fredag 19.04. kl. 19.00 - Bygland kulturscene
- laurdag 20.04. kl. 19.00 - Evjemoen kino

Billettsal: Joker Bygland, Databutikken Evje og per SMS 41511136

Bygland Hornmusikk

Korpsøving - tysdagar kl. 18.00
Bygland kulturscene

Bokkafé

tysdagar kl. 12.00
på biblioteket på Byglandsfjord

WE WILL ROCK YOU

med Kong Hanes Eftf. & Evje og Hornnes bygdekor

Fredag 19.04.24 kl 19:00
Bygland kulturscene

Laurdag 20.04.24 kl 19:00
Evjemoen kino

Billettpris: 250,- Sal av kaffi og kake

Sal av billetter hos Joker Bygland og Databutikken Evje eller sms til 41511136

BYGLAND NÆRINGSLAG

**Analyse av utviklinga i Bygland og Setesdal****torsdag 11.04. kl. 18.00 - Neset Camping**

Del 2 i møteserie om korleis høgteknologi, kunstig intelligens og moderne organisering kan vere til nytte for næringsliv og samfunn, og til hjelp for folk i kvardagen.

Fylkesdirektør Kenneth Andresen frå Analyseavdelinga i Agder Fylkeskommune vil legge fram analyser av utviklinga i Bygland og Setesdal. Med kommentar av kommunedirektør John Salve Sigridnes. (Bilde: Fylkesdirektør Kenneth Andresen)



FLASKEINNSAMLING

9.klasse kjører rundt i kommunen 08. og 09. april

for å samle inn panteflaskar til inntekt for Polentur våren 2025.

- måndag 08.04. kjem elevene til Longerak og nordover i kommunen.
- tysdag 09.04. kjem de til Grendi og sørover til og med Byglandsfjord.

Ta godt i mot ungdommene og sett gjerne panten i en pose utenfor huset.



SETESDAL SPELEMANNSLAG / UNESCO SETESDAL



Valle leikarring inviterer til felles rekrutteringshelg for barn og ungdom frå heile Setesdal og Bø i Telemark BLI MED OG DANS!

Fredag 12 april på Sølvarden hotell kl. 19.00:

Alle er velkomne til bli kjent-kveld med pizza, quiz/kahoot og informasjon om helga.

Laurdag 13. april kl 10-16 i Hylestad soknehus:

For dei yngste (tom. 8 år):	For dei eldste (9-16 år):
Kl 10.00-11.00 Gangarkurs med med Sigrid B. Berg og Sigrid K. Jore Spelemann: Eivind T.-L. Knutsen	Kl 10.00-11.00 Gangarkurs med Tor Espen Helle og Åse Solbakk Spelemann: Daniel Sanden-Warg
Kl 11.00-12.00 Matpause. Kyllingsuppe med focaccia frå Nordibø landhandel. Ved spesielle behov, kontakt Hanne Nomeland, tlf. 94480430	Kl 11.00-12.00 Matpause. Kyllingsuppe med focaccia frå Nordibø landhandel. Ved spesielle behov, kontakt Hanne Nomeland, tlf. 94480430
Kl 12.00-12.45 Munnharpekurs med Eivind T.- L. Knutsen. Alle kan prøve å få lyd i munnharpa, spele på kazoo eller slurva! Songleikar og dans med med Åse Solbakk	Kl 12.00-12.45 Munnharpekurs med Daniel Sanden-Warg
Kl 12.45-13.00 Drikkepause, ta med eiga drikkeflaske	Kl 12.45-13.00 Drikkepause, ta med eiga drikkeflaske
Kl 13.00-13.45 Songleikar og kveding med Sigrid B. Berg	Kl 13.00-13.45 Hallingkurs med Ingebjørg Bø
Kl 13.45-14.00 Fruktpause.	Kl 13.45-14.00 Fruktpause.
14.00-14.45 Kunst og håndverk med Åse Solbakk	14.00-14.45 Hallingkurs med Ingebjørg Bø
14.45-15.00 Drikkepause	14.45-15.00 Drikkepause
15.00-15.45 Hallingkurs med Ingebjørg Bø	15.00-15.45 Munnharpekurs med Daniel-Sanden Warg

Arr. Valle kommune og Setesdal Spelemannslag med støtte frå Agder fylkeskommune og Gjensidigestiftelsen.



KVA SKJER I BYGLAND - APRIL 2024

(MED ATTERHALD OM ENDRINGAR)



DATO	ARRANGØR OG STAD	TID	KVA SKJER
tysdag 09.04.	Bygland frivilligsentral	kl 16.00 - 17.30	Bygdemiddag - meny: Spaghetti Bolognese
onsdag, 10.04.	Byglandsheimen	kl. 11 - 14	Open dag med Øyvind Jacob: Stavkyrkjeprojekt
torsdag 11.04.	Bygland Næringslag; Neset camping	kl. 18.00	Høgteknologi og KI; med fylkesdirektør K.Andresen
fred - laur 12./13.04.	Setesdal Spelemannslag; soknehus Hylestad	(sjå s. 19)	Rekrutteringshelg Setesdal leikarring
tysdag 16. og 30.04.	Byglandsheimen	kl. 14.00	Andakt
onsdag 17.04.	Byglandsheimen	kl. 11.00 - 14.00	Open dag og konsert Oddvar Høgvoll (gospel)
	Bygdekinoen på Bygland kulturscene	kl. 17.30 kl. 19.30	Film 1: De raske & De rå Film 2: Ghostbuster: Frozen Empire
fredag 19.04.	Kong Hanes efft. og E&H bygdekor. Bgl. kulturscene	kl. 19.00	Konsert: We will rock you (sjå s. 18)
laurdag 20.04.	Gabriel Scott Selskabet, Stoga	kl. 18.00	Ein kveld med Gabriel Scott
fredag 26.04.	Arendal Dramatiske Selskab, Stoga	kl. 19.00	Verdens ulykkeligste menneske. Et møte med gamle dagbøker
sundag 28.04.	Årdal kyrkje, Grendi	kl. 11.00	Samtalegudsteneste
	Bygland filmklubb; Bygland kulturscene	kl. 19.00	Film: Ford Fairlane (1990; 15 år)